

**VEKE 20** **Vekeplan for 3A** **13. mai – 17. mai**

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<b>08.45 – 10.00</b> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>★ Lesekvart.</li> <li>★ Stasjonar.</li> </ul> Matte: MatteMaraton. Norsk: 17. mai. Engelsk: Clothes.	Lesekvart.  Matte: MatteMaraton.	<b>08.45 – 09.45</b> Matte: MatteMaraton.	Norsk: Elevane les høgt.  Matte: MattaMaraton.	 <p style="text-align: center; font-size: 2em; font-weight: bold;">FRI!</p>
<b>10.00 – 10.30</b>	<b>Friminutt</b>	<b>Friminutt</b>	<b>09.45 – 10.00</b> <b>Friminutt</b>	<b>Friminutt</b>	
<b>10.30 – 11.15</b>	Stasjonar Matte: MatteMaraton. Norsk: 17. mai. Engelsk: Clothes.	Samfunnsfag: 17. mai – Salaby.	<b>10.00 – 10.45</b> Norsk: 17. mai-bingo.	Uteleik. 	
<b>11.15 – 11.45</b>	Mat 	Mat	<b>10.45 – 11.15</b> Mat 	Mat	
<b>11.45 – 12.30</b>	<b>Friminutt</b>	<b>Friminutt</b>	<b>11.15 – 11.45</b> <b>Friminutt</b>	<b>Friminutt</b>	
<b>12.30 – 14.00</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>★ Høgtlesing: Ronja Røverdatter.</li> <li>★ Utegym.</li> </ul>	K&H – Todeling: Sy bamse og laga nøkkelring.	<b>11.45 – 12.30</b> KRLE: Pinse.	<ul style="list-style-type: none"> <li>★ Høgtlesing.</li> <li>★ Fellessamling.</li> <li>★ Øva på å gå i 17. maitog.</li> </ul>	
	<b>Skuleslutt 14.00</b>	<b>Skuleslutt 14.00</b>	<b>Skuleslutt 12.30</b>	<b>Skuleslutt 14.00</b>	


**MÅL FOR VEKA:**

**Norsk:** Eg kan fortelja nokre ting som kjenneteikner vår.

**Matte:** Eg kan arbeida konsentrert med matematikkoppgåver.

**Sosialt:** Eg kan visa at eg bryr meg om korleis andre har det.





## VEKELEKSA

- Norsk:** ① Les teksten du har fått om vår (10 minutt kvar dag).  
Les i 10 minutt kvar skuledag, finn ei bok om du er ferdig med vårteksten.
- ② Øv på heiaropet.
- Matte:** Arbeid i minst 15 minutt på MatteMaraton.



## Informasjon

Også denne veka tar me bort øveord og gloser då veka er noko kortare. Me kjem likevel til å arbeida med ord på skulen, og er noko me har det ekstra kjekt med for tida. Me har alltid seks ord ståande fast på tavla kvar veke, det er ord me møter på som elevane ikkje veit kva betyr. Tre av dei står inni ein boks, dei held me på å læra oss. Så har me tre utanfor boksen som me kan, men snakkar om for å vera sikre på at me kan dei. Me går gjennom orda kvar morgon. Spør gjerne elevane om kva desse orda betyr: krokus, divan, snerk, katolisisme, pave, trell, kalas, juv, definisjon, enke, fane og symfoni. Sidan symfoni er eit ord som no står i boksen på tavla, startar me dagen med å lytta til symfoniar, til no har elevane blitt kjend med Mozart og Beethoven. Før ferien får elevane ein liten prøve der dei skal få prøva seg på å forklara alle orda 😊

### Heiaropet:

3. trinn er heldig, me skal feira veldig.  
Dette blir eit stort kalas, ikkje noko mas!  
Hurra, hurra, hurra!!!!

**God 17. mai!!**

**Beste helsing oss på 3.trinn**



Mobiltelefon Helen: 909 31 471, E-post: [helen.tallis-reistad@samnanger.kommune.no](mailto:helen.tallis-reistad@samnanger.kommune.no)  
Kontakttid: Onsdagar kl.11.45-12.30  
Skulen si heimeside: [www.minskole.no/Samnanger](http://www.minskole.no/Samnanger), Telefon til skulen: 565 89 980

